



DEN NORSKE KYRKJA

Medarbeiderundersøkinga: Ni av ti opplever jobben som meningsfull



No er dei nasjonale resultatane frå medarbeiderundersøkinga klare. 95% av tilsette i kyrkja føler at jobben dei gjer er meningsfull, og 81% seier at dei føler seg motivert og engasjert i arbeidet sitt. Samtidig seier nær ein av tre tilsette at dei opplever eit stressnivå som medfører ubehag.

I morgon, onsdag 10. november kl 09.00, er det allmøte for alle tilsette i Den norske kyrkja. På allmøtet vil det bli presentasjon av dei nasjonale resultatane frå medarbeiderundersøkinga som vart gjennomført i haust. Møtet er tilgjengeleg direkte eller i opptak på kyrkja.no/allmøte. Allmøtet vert tolka til teiknspråk.

Rett i etterkant av allmøtet, i same sending, vert det opplæring for alle med leiroll, om korleis dei kan forstå og følgje opp medarbeiderundersøkinga. Frå 15. november vil kyrkjevevjer og prostar få tilsendt lokale resultat, for einingar med meir enn fem svar.

[Følg allmøtet på kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte)



Følg Kyrkjemøtet

Denne veka startar Kyrkjemøtet i Trondheim. Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste demokratiske organ, og skal mellom anna handsame saker om rekruttering, kyrkjeleg kulturarv og strategi for heile kyrkja. Du kan følgje diskusjonane frå plenum direkte på nett.

[Les meir](#)



Global veke

Kvart år i november samlast kyrkjene i Noreg til Global veke. I år er teamet moderne slaveri, med temaet "Sjå det i augene". Kyrkjene står saman og samtidig mot moderne slaveri og urett.


[Les meir](#)



Årshjul for globale merkedagar

Årshjulsplanlegging er ein kontinuerleg prosess i kyrkjelydane, der ein kan leggje langsiktige planar for faste årlege innslag. I ressursbanken finn du oversikt over merkedagar gjennom året, med tilhøyrande ressursar.

[Les meir](#)



Skjerikyrkja

Skjerikyrkja er Den norske kyrkja ei samla kalenderoversikt for Den norske kyrkja, der alle kan finne kyrkjearrangement nær seg. For å få til dette må tilsette leggje inn aktuelle arrangement. Sida er stadig i utvikling, med mål om ein enklare kvardag for tilsette.

[Les meir](#)



Diakonipris til speidarane

Speidernes fellesorganisasjon har fått Diakoniprisen 2021. Prisivinnarane har ikkje definert seg sjølv og sitt virke inn i diakoniomgrepet, men er rørt og takksam over å ha fått prisen.

[Les meir](#)

Webinar og frukostmøte



Jesus elsker alle barna – om søndagsskolearbeid i menigheten

11. november kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

Pornoprat: Om ungdom, teknologi og seksuell utnyttelse

18. november kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

KA nettkurs: Lokalt strategiarbeid

18. november kl 12.30: [Les mer og meld deg på her](#) (300,-/600,-)

Lokal kirke med globalt ansvar

25. november kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

Frukostmøte: Gløymde styresmaktene religion- og livssynsfridomen under korona?

30. november kl 08.00: [Les meir og følg frukostmøtet direkte her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på ressursbanken.no/webinar

Fekk du med deg desse sakene?



Bøn for klimatoppmøtet

«No trengst alle gode krefter», sa statsråd Espen Barth Eide før klimatoppmøtet i Glasgow. I kyrkjene ber vi for dei som har dette store ansvaret dei neste vekene.

[Les meir her](#)



Grunnmuren i folkekyrkja

– Kyrkjebygga vil berre verte enda viktigare framover, seier kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raaum på kyrkjeleiarkonferansen.

[Les meir her](#)



Anbefalar særkalkar

Biskopane anbefalar at det framleis skal nyttast særkalkar ved gjennomføring av nattverd.

[Les meir her](#)

Nyhetsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyhetsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)



DEN NORSKE KYRKJA

krpostmottak@kyrkja.no